

Strategiar og visjon for ROSENDAL TURNLAG - Turgruppa

Visjon:

Turgruppa skal jobba for at flest mogleg oppdagar gledene ved å ferdast i naturen. Det skal vi fyrst og fremst gjera ved å kvart år skipa til 5-fjellsturen og Kvinnheradløpet. Vi veit at aktivitetane våre er positive for både kropp og sjel, og såleis er svært viktige i eit folkehelseperspektiv.

Miljø:

Aktivitetane våre skal alltid gjennomførast med stor respekt for naturen. All tilrettelegging, merking og bruk av turstiar skal skje på ein så varsam måte som mogleg. Vi vil elles spreia sunne verdiar. Folk må gjerne nytta naturen på ulike måtar året gjennom, men vi oppmodar om at dyre- og plantelivet ikkje vert forstyrra meir enn naudsynt. Alt ikkje-biologisk avfall skal ein sjølvsgatt ta med seg heim.

Tryggleik:

Turgruppa har per i dag T-merka løyper til Melderskin, Skeisfjell, Nordlifjell, Malmangernuten, Skålafjell, Skjethaug, Kjeldestøl og Myrdalsvatnet. I Norge har kvar einskild ansvar for eigen tryggleik når dei ferdast i naturen. Dette omfattar å sjølv vurdere eigen kapasitet, vêr- og føretilhøve, og at ein har naudsynt utrusting med seg. Turgruppa vil likevel syta for at løypene er i slik stand at ukjente kan finna fram på eigenhand, og med så stor grad av tryggleik ein kan forventast. Dette gjer vi ved å tilretteleggja turstiar med rydjing, steinsetjing, bygging av bruer og klopper, varding, T-merking, informasjonstavler og skilting, med meir i samsvar med instruksjonar frå DNT (Den norske turistforening). Turstiane vert elles kontrollerte med jamne mellomrom. Spesielt utsette område kan bli ekstra sikra; enten ved å flytta stien, ta bort lause steinar, eller setja opp sikringstau/kjetting.

Rekruttering:

Å la nye generasjonar finna glede av fysisk fostring i naturen, er ei viktig oppgåve for Turgruppa. Både 5-fjellsturen og Kvinnheradløpet er godt eigna for yngre, og gjev dei ei perfekt innføring i friluftslivet. Kvinnheradløpet, som vert arrangert fyrste søndagen i oktober, har eiga utgåve for skulane på fredagen før.

Organisering:

Turgruppa skal ha eige styre, med minst tre og maks seks medlemmer. Styret skal ha minst to styremøte og eitt årsmøte årleg. Styret skal ha faste stillingar som leiar, nestleiar, fjelltrimansvarleg, skrivar og valkomité, men stillingane kan kombinerast. I tillegg skal minst éin av styremedlemmene ha ansvar for Kvinnheradløpet.

Styret skal ha årsmøte med val i løpet av januar. Hovudlaget har normalt sitt årsmøte i februar, før den tid skal Turgruppa overlevere forslag til leiar og nestleiar i gruppa til valkomiteen i hovudlaget.

Økonomi:

Turgruppa disponerer eigen konto, som også er ein del av hovudlaget sin rekneskap. Gruppa skal til ei kvar tid ha ein solid økonomi, og vil berre nytta pengar på tiltak som har samanheng med vår visjon. Turgruppa skal opptre seriøst og skikkeleg overfor kundar og leverandørar.

Rosendal, 31. oktober 2013.